



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 26.08.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00 – 12:05

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 18.08.2015 og møtet var kunngjort i pressa 17.06.15.

Formannskapet hadde pause frå kl. 09:50 - 10:00 og frå kl. 10:50 - 11:00.

Lars Barstad gjekk frå som ugild ved handsaming av sak 99.

Ragnar Bratland møtte til sak 99.

Sigmund Larsen gjekk frå som ugild ved handsaming av sak 104.

Av 7 medlemmer var 7 til stades ved handsaming av sak 90 – 103.

Av 7 medlemmer var 6 til stades ved handsaming av sak 104.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Ragnar Bratland	H	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Styrar Hilde Hagenes Christensen og økonomidirektør Ketil Ragnhildstveit frå Betanien i Bergen orienterte om rehabilitering og sykehjemmet i Alfaz de pi.

Protokollførar: Randi Hilland

27. august 2015

Nils Marton Aadland
Ordførar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
90/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
91/2015	Godkjenning av møtebok
92/2015	Referatsaker
93/2015	Aktuelle saker
94/2015	Orientering av rådmannen
95/2015	Orientering om status kommunestruktur
96/2015	Økonomisk rapportering juli 2015
97/2015	Framlegg til endringer i takseringsreglar i samband med eigedomsskatt på verk og bruk
98/2015	Mogeleg samarbeidsmodell for framtidens brann og redningsteneste i bergensregionen
99/2015	Land of Solheim, Meland 2016
100/2015	Høyring, Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
101/2015	Utbygging Sagstad og Grasdal
102/2015	Sal av kommunale eigedomar
103/2015	Vedlikehald av taket på Meieribygningen, Frekhaug
104/2015	Feilretting i kommuneplanen sin arealdel, kart og føresegner

90/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

26.08.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar bad om at sak 101 vert flytta fram og handsama kl. 10:00. Deretter vil saklista verta følgd.

FS - 90/2015 VEDTAK:

"Innkalling og sakliste med endra rekkefølge på saklista vert godkjent."

91/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 24.06.15 vert godkjent.

26.08.2015 FORMANNSKAPET

FS - 91/2015 VEDTAK:

"Møtebok frå møte 24.06.15 vert godkjent."

92/2015: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldinga vert teken til orientering.

26.08.2015 FORMANNSKAPET

FS - 92/2015 VEDTAK:

"Meldinga vert teken til orientering."

93/2015: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

26.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmann svarte på spørsmål frå forrige møte

- Tømmestasjon for bular i kommunen
- Kommunen har ingen tømmestasjonar, men det er ein på Hylke og ein i Mastrevik
- Pinsehuset på Rosslund - m.a. skulding mot kommunen
- Ingen grunn til kritikk mot kommunen
- Kontroll av marina på lo
-ingen marina i kommunen vert kontrollert for utslepp. Det skal lagast ein avløpsplan for hamner i kommunen, medrekna marina.
- Skriv om måkeplage i Frekhaug senter vart delt ut

Sølvi Knudsen, SP:

- Nyborgtunnelen - saknar pådriving frå regionen
Ordførar orienterte om status i saka. Kjem tilbake med meir informasjon.
Intensjonen er å få Nyborgtunnelen inn i NTP i 2018
- Må kome ut informasjon om kvar det fins offentleg toalett i Frekhaug senter

Marit Jøssang, KrF:

- Fartsdumpar i Mjåtveitmarka - ikkje samsvar mellom 40-sone og storleik på fartsdumpane

Sigmund Larsen:

- Regulering av Det Naue - Kystverket Vest lova å koma med samfunnsanalyse. Dette bør purreast på.
- Er Meland interessert i deltaking i forsøk med statleg finansiering av omsorgstenester?
Rådmann orienterte
Forutset bestillerkontor. Søknadsfrist 1. desember

Nils Marton Aadland:

- Hatt møte med Fylkesmannen - trong for auka skjønsmidlar
- Arbeid i gang med Fossekrysset - planlagt ferdig til våren
- Arbeid snart i gang med å utbetra krysset ved Meland Aktiv

FS - 93/2015 VEDTAK:

"Formannskapet tek orienteringane til etterretning."

94/2015: Orientering av rådmannen

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

26.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmann orienterte:

- Invitert av KS til å delta i FOU-prosjekt, kommunal legeteneste - Kan den ledes?
- BKK har varsla tilsyn med elektriske anlegg i kommunen

FS - 94/2015 VEDTAK:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

95/2015: Orientering om status kommunestruktur

Rådmannen sitt framlegg:

26.08.2015 FORMANNSKAPET

Rådmann orienterte:

Spørjeundersøking om kommunestruktur i slutten av august - 450 vert oppringt.
Resultatet klart i slutten av oktober.

FS - 95/2015 VEDTAK:

"Formannskapet tek orienteringa til etterretning."

96/2015: Økonomisk rapportering juli 2015

Rådmannen sitt framlegg:

Budsjettrapport pr 31. juli 2015 vert teken til vitande.

26.08.2015 FORMANNSKAPET

FS - 96/2015 VEDTAK:

"Budsjettrapport pr 31. juli 2015 vert teken til vitande."

97/2015: Framlegg til endringar i takseringsreglar i samband med eigedomsskatt på verk og bruk

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune går i mot framlegg til endring i takseringsreglane for eigedomsskatt slik dei er foreslått i høyringsbrev og høyringsnotat av 18. juni 2015.

26.08.2015 FORMANNSKAPET

Høyringsuttale frå KS vart delt ut i møtet.

Framlegg til tilleggspunkt frå Nils Marton Aadland, H:

"Dersom regjeringa likevel går vidare med lovsaka, rår Meland kommune sekundært til at det vert oppretta ein breitt samansett lovkomité for vidare utgreiing.

Meland kommune krev at kommunesektoren vert kompensert fullt ut for ei eventuell innskrenking i retten til å skrive ut eigedomsskatt, og at dette vert stadfesta og synleggjort i ei eventuell sak til Stortinget."

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.

FS - 97/2015 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Meland kommune går i mot framlegg til endring i takseringsreglane for eigedomsskatt slik dei er foreslått i høyringsbrev og høyringsnotat av 18. juni 2015.

Dersom regjeringa likevel går vidare med lovsaka, rår Meland kommune sekundært til at det vert oppretta ein breitt samansett lovkomité for vidare utgreiing.

Meland kommune krev at kommunesektoren vert kompensert fullt ut for ei eventuell innskrenking i retten til å skrive ut eigedomsskatt, og at dette vert stadfesta og synleggjort i ei eventuell sak til Stortinget."

98/2015: Mogeleg samarbeidsmodell for framtidens brann og redningsteneste i bergensregionen

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune stiller seg positive til tettare samarbeid innan brann- og redningstenesta i bergensregionen mellom sjølvstendige brann- og redningstenester.

Meland kommune er positive til at det vert sett i gang eit prosjekt for nærare utgreiingar og avklaringar knytt til samarbeidsavtale mellom kommunane, inkludert oppgåver og økonomi som grunnlag for samarbeidsavtale.

Endeleg samarbeidsavtale skal godkjennast av kommunestyret.

26.08.2015 FORMANNSKAPET

FS - 98/2015 – FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Meland kommune stiller seg positive til tettare samarbeid innan brann- og redningstenesta i bergensregionen mellom sjølvstendige brann- og redningstenester.

Meland kommune er positive til at det vert sett i gang eit prosjekt for nærare utgreiingar og avklaringar knytt til samarbeidsavtale mellom kommunane, inkludert oppgåver og økonomi som grunnlag for samarbeidsavtale.

Endeleg samarbeidsavtale skal godkjennast av kommunestyret."

99/2015: Land of Solheim, Meland 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune støtter søknaden og vert med som medarrangør og bidragsytar til «Land of Solheim- en reise gjennom Norge». Det vert sett av midlar til arrangementet i budsjettet for 2016.

26.08.2015 FORMANNSKAPET

Lars Barstad gjekk frå ved handsaming av hans habilitet.

Lars Barstad sin habilitet vart drøfta.

Avrøysting:

Formannskapet vedtok at Lars Barstad er inhabil mot 2 røyster (FrP, AP).

Deretter tok Ragnar Bratland sete.

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H, Ragnar Bratland, H, Sigmund Larsen, FrP, Marit Jøssang, KrF og Sølvi Knudsen, SP:

"Meland formannskap ser positivt på søknaden, og eventuelle midlar til arrangementet vert å vurdere i samband med budsjettet for 2016.
Idrettsrådet skal høyrast i saka."

Avrøysting:

Framlegget frå Nils Marton Aadland, Ragnar Bratland, Sigmund Larsen, Marit Jøssang, og Sølvi Knudsen fekk 5 røyster for, (2H, FrP, KrF og SP), 2 røyster mot, (AP, SAM), og er såleis vedteke.

FS - 99/2015 VEDTAK:

"Meland formannskap ser positivt på søknaden, og eventuelle midlar til arrangementet vert å vurdere i samband med budsjettet for 2016.
Idrettsrådet skal høyrast i saka."

100/2015: Høyring, Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet i Meland ber om at den regionale areal- og transportplanen for Bergensområdet blir omarbeidd som påpeika i saksutgreiinga her. Planframlegget går for langt i å planlegge arealbruken i kommunen, og det er gjort på eit spinkelt grunnlag. Dersom ein regional areal- og transportplan skal ha nokon verdi, må den tilrettelegge for vekst og utvikling, i eit berekraftig perspektiv. Det framlegget som no ligg føre stetter ikkje vilkåra for ei slik utvikling.»

26.08.2015 FORMANNSKAPET

FS - 100/2015 VEDTAK:

«Formannskapet i Meland ber om at den regionale areal- og transportplanen for Bergensområdet blir omarbeidd som påpeika i saksutgreiinga her. Planframlegget går for langt i å planlegge arealbruken i kommunen, og det er gjort på eit spinkelt grunnlag. Dersom ein regional areal- og transportplan skal ha nokon verdi, må den tilrettelegge for vekst og utvikling, i eit berekraftig perspektiv. Det framlegget som no ligg føre stetter ikkje vilkåra for ei slik utvikling.»

101/2015: Utbygging Sagstad og Grasdal

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret godkjenner at kostnadsramma for utbygging på Sagstad skule vert auka til kr 72,4 mill. Prosjektet vert finansiert med mva. refusjon på kr 12,9 mill og kr 59,5 mill i lånemidlar. Utbygginga på Grasdal skule vert utsatt i påvente av nye elevtalsprognoser. Det vert løyvd midlar til midlertidige moduler for å dekke arealbehovet til skulen. Modulane har ei kostnadsramme på kr 6,25 mill. Prosjektet vert finansiert med mva. refusjon på kr 1,25 mill og kr 5 mill i lånemidlar.»

26.08.2015 FORMANNSKAPET

Skriv frå FAU Grasdal skule og frå Klubben i Utdanningsforbundet v/Anita L. Askeland og Fagforbundet v/Gunn Torill Berge vart delte ut i møtet.

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland (H):

"Formannskapet bed rådmannen leggja fram sak i ekstramøte onsdag 2. september der følgjande ligg til grunn.

1. Grasdal og Sagstad skular skal byggjast ut i samsvar med tidlegare vedtatt tidsplan og utarbeidd forprosjekt for dei to skulane.
2. Rådmannen blir beden om å presentere moglege tiltak som kan redusere investeringskostnadane for dei to prosjekta.
3. Rådmannen blir beden om å leggja fram ei samla økonomisk konsekvensutgreiing for dei to skuleutbyggingane, og oversikt over andre investeringsprosjekt som kan utsetjast."

Avrøysting:

Framlegget frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.

FS - 101/2015 VEDTAK:

"Formannskapet bed rådmannen leggja fram sak i ekstramøte onsdag 2. september der følgjande ligg til grunn.

1. Grasdal og Sagstad skular skal byggjast ut i samsvar med tidlegare vedtatt tidsplan og utarbeidd forprosjekt for dei to skulane.
2. Rådmannen blir beden om å presentere moglege tiltak som kan redusere investeringskostnadane for dei to prosjekta.
3. Rådmannen blir beden om å leggja fram ei samla økonomisk konsekvensutgreiing for dei to skuleutbyggingane, og oversikt over andre investeringsprosjekt som kan utsetjast."

102/2015: Sal av kommunale eigedomar

Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet tek saka til orientering. Administrasjonen førebur sal av Husebø gamle skule og naustet på Frekhaug på vanleg måte. Ordførar godkjenner prisen. Administrasjonen førebur overføring av kaien og kaikuret på Fløksand til Fløksand Marina AS for ein sum som dekkjer overføringskostnadene. Vilkåret er at anlegget blir nytta som småbåthamn som no. Kommunal forkjøpsrett skal sikrast.»

26.08.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:

"Saka vert utsett."

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 102/2015 VEDTAK:

"Saka vert utsett."

103/2015: Vedlikehald av taket på Meieribygningen, Frekhaug

Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet tek saka til orientering og registrerer at vedlikehaldsbudsjettet er redusert med kr 100 000,- i tråd med budsjettvedtaket.»

26.08.2015 FORMANNSKAPET

FS - 103/2015 VEDTAK:

«Formannskapet tek saka til orientering og registrerer at vedlikehaldsbudsjettet er redusert med kr 100 000,- i tråd med budsjettvedtaket.»

104/2015: Feilretting i kommuneplanen sin arealdel, kart og føresegner

Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet godkjenner at plankart og føresegner til kommuneplanen sin arealdel blir retta i tråd med saksutgreiinga og som vist på vedlegg til denne saka. Plandokumenta får godkjentdato som kommunestyrevedtaket 17.06.2015 og revisjonsdato 26.08.2015.»

26.08.2015 FORMANNSKAPET

Sigmund Larsen gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

FS - 104/2015 VEDTAK:

«Formannskapet godkjenner at plankart og føresegner til kommuneplanen sin arealdel blir retta i tråd med saksutgreiinga og som vist på vedlegg til denne saka. Plandokumenta får godkjentdato som kommunestyrevedtaket 17.06.2015 og revisjonsdato 26.08.2015.»
